

# ”Neger-Psyke”: Sør-Afrika-misjonær Olav Guttorm Myklebusts bilete av afrikanarar

ODD MAGNE BAKKE

Olav Guttorm Myklebust var misjonær sendt ut av Det norske misjonsselskap (NMS) i Sør-Afrika i perioden 1931-1939. I store delar av tida var han lærar på lærarskulen på Umpumulo. Rapportane frå den årlege misjonærkonferansen reflekterer at han hadde ein sentral posisjon blant misjonæranne. Han deltok stadig med foredrag av praktisk fagleg karakter, spesielt var han oppteken av å få fortgang i samarbeidet mellom dei ulike lutherske misjonsorganisasjonane. Han var vald til å representere den norske Zulumisjonen på ei rekkje økumeniske misjonskonferansar der dei ulike misjonsselskapa utveksla erfaringar og diskuterte strategi og andre aktuelle utfordringar i misjonsarbeidet.

1930-åra var ein krevjande periode for norske misjonærar i Sør-Afrika, både med tanke på interne kyrkjelege tilhøve og den generelle samfunnsutviklinga i landet. Spørsmålet om sjølvstendigjering av Den norske Zulusynoden var opphav til mykje diskusjon og konflikt.<sup>1</sup> Misjonæranes nøling vart kritisert av nasjonalt medvetne medarbeidarar, og ikkje minst av heimeleinga i NMS. Kritikken gjekk på at misjonæranne var for tilbakehaldne med å overgje ansvaret og makta til afrikanarane sjølve. Hovudargumentet til misjonæranne var at så lenge ikkje afrikanarane kunne bere

det økonomiske ansvaret utan støtte frå misjonen, var dei ikkje klare til å overta styringa av kyrkja. Zuluane var endå ikkje modne til å styre seg sjølve. Den norske zulukyrkja vart ikkje sjølvstendigjort før enn i 1955, over hundre år etter at dei første misjonærane etablerte seg i landet. På det samfunnsmessige området var utviklinga prega av ein stadig sterkare segregeringspolitikk der svarte og farga vart diskriminerte, og som la grunnlaget for apartheidpolitikken til Nasjonalistpartiet etter det kom til makta i 1948.

På bakgrunn av Myklebusts stilling som lærar, og den kontakten med unge afrikanarar dette innebar, hans breie deltaking i økumeniske misjonskonferansar og hans allmenne akademiske interesse, er det grunn til å tru at han var vel informert om raseproblematikken i det sørafrikanske samfunnet. Dette blir stadfesta i fleire artiklar han publiserte i norske tidsskrift dei første åra etter at han hadde slutta som misjonær, og gått inn i stilling som stipendiat ved Det teologiske Menighetsfakultet i Oslo. Fokuset i denne artikkelen er likevel ikkje Myklebusts holdning til segregasjonspolitikken og rasespørsmålet generelt, men er avgrensa til kva bilete han teiknar av afrikanarane. Blir dei framstilte med særskilte karaktertrekk, evner og anlegg? Eller uttrykt på ein annan måte: Artikkelen vil diskutere Myklebusts representasjon av afrikanarane.

På slutten av artikkelen blir det gjeve ei vurdering av denne representasjonen i ramma av kolonial ideologi og diskurs. Her konkluderer eg med at sjølv om Myklebust intenderer å gje ei etter måten balansert og positiv framstilling av afrikanarane, blir resultatet at han i stor grad reproduserer og vidareformidlar tradisjonelle koloniale stereotypiar som var med å legitimere kolonisering og asymmetriske maktrelasjonar mellom Afrika og Europa. Utgangspunkt og den viktigaste kjelda blir ein artikkel i *Kirke og Kultur* i 1941 der Myklebust direkte diskuterer desse spørsmåla.<sup>2</sup>

### **Natur eller kultur?**

Det første ein skal merke seg er tittelen på den nett nemnde artikkelen: "Neger-psyke. Streiflys over sort sjeleliv." Tittelen i seg sjølv representerer ei generalisering, og signaliserer at Myklebust er av den meininga at afrikanarane som gruppe har visse karakteristiske eigenskapar og trekk. Innleiingsvis slår han fast at "alle er

enige om at det er stor forskjell mellom det afrikanske 'naturmennesket' og det européiske 'kulturmennesket.'" Ei slik dikotomisering av "oss" og "dei andre" var karakteristisk for dei koloniale aktørane, og inngjekk som eit vesentleg element i danninga av europeisk identitet.<sup>3</sup> Det forholdet at Myklebust set karakteristikkane naturmennesket og kulturmennesket i hermeteikn, indikerer ein viss distanse til desse kategoriane. Trass i dette opererer han med ei strukturering og hierarkisering av ulike folkegrupper ut frå deira kulturelle nivå. I ein annan artikkel, der han tek for seg rasespørsmålet i Sør-Afrika, drøfter han segregeringa mellom rasane slik ho mellom anna kjem til syne i det at visse bussar, postkontor etc. var reserverte for kvite og at styresmaktene peikte ut visse område der svarte skulle bu. Generelt er han kritisk til rasepolitikken i landet, men meiner likevel at segregeringa har "uten tvil sine fordeler og for så vidt også sin berettigelse." Ein må huske på, seier Myklebust vidare

*at storparten av de innfødte er 'raw Natives.' De står på et lavt kulturtrinn (sammenlignet med de fleste europeere) – skrålende, skitne og halv nakne mennesker som bl.a. er uvidende om de mest elementære regler for hygienisk levesett. Det gale er ikke at der er en viss 'segregasjon' (adskillelse mellom rasene) – i allfall på det stadium de sorte ennå befinner sig på. Det gale er at man ikke skjelner mellom 'educated' og 'uneducated' innfødte. De første – de opplyste, dannede afrikanere – har krav på en bedre behandling fra de hvites side. De føler seg ofte like uvel i sine 'rå' landsmenns selskap som europeerne gjør.*

Etter å ha slått fast at "alle" er samde om at det er store forskjellar mellom "naturmenneske" og "kulturmennesket," går Myklebust over til å diskutere årsaka til dette. Skuldast det natur, altså medfødde eigenskapar, eller har det å gjere med kultur, altså at ulikskapane er eit produkt av forskjellig oppvekstmiljø? At dette spørsmålet blir reist er ikkje tilfeldig. Frå midten av det 18. hundreåret og framover hadde denne type spørsmålsstillingar stor plass i samtidas vitskaplege drøftingar. Det 18. hundreåret, og spesielt det 19., var glansperioden for vitskaplege raseteoriar.<sup>4</sup> Frå midten av det 18. hundreåret stod den så kalla polygenismen sterkt blant opplysningstidas intellektuelle og i vitskap. Denne

teorien går ut på at Gud skapte gjennom fleire skapingsakter. På den måten meinte ein å kunne forklare forskjellane mellom ulike folkegrupper. Gud hadde skapt kvite, svarte og andre folkegrupper gjennom separate skapingsakter. Derfor var rasane ulike av natur, dei var prinsipielt forskjellige frå skapinga av. Etnografiske kartleggingar, der ein mellom anna målte kranievolum, kjevelengde og pannehøgde påstod å underbygge slike synspunkt. Polygenismen fungerte som teoretisk rammeverk for til dømes Edward Long, tidlegare plantasjeseigar og administrator på Jamaica. I 1774 publiserte han eit monumentalt verk, *History of Jamaica*, som oppnådde stor anerkjenning. Her argumenterer han for at svarte og europearar ikkje tilhørde same art. Han klassifiserer *genus homo* i tre kategoriar: Europearar og andre menneske, svarte og orangutangar.

*[The Negro's] faculties of smell are truly bestial, nor less their commerce with the other sexes; in these acts they are libidinous and shameless as monkeys, or baboons. The equally hot temperament of their women has given probability to the charge of their admitting these animals frequently to their embrace. An example of this intercourse once happened, I think, in England. Ludicrous as it may seem I do not think that an oran-outang husband would be any dishonor to an Hottentot female, [The oran-outang] has in form a much nearer resemblance to the Negro race than the latter bear to white men.<sup>5</sup>*

Blant dei som ikkje slutta seg til polygenismen, gjorde det synspunktet seg gjeldande at dei store forskjellane skuldast ulike klimatiske forhold, såkalla geografisk determinisme.<sup>6</sup> Frå midten av det nittande hundreåret vart polygenismen avløyst av meir moderne utviklingsteoriar, der Darwins kjende bok frå 1858 vart epokegjerrande. Darwins biologiske teori om utvikling inspirerte andre vitenskapar, slik at desse i ulik grad vart evolusjonsmessig orienterte. Forskjellane mellom afrikanarane og dei europeiske andre skuldast at den afrikanske rasen var på eit lågare utviklingstrinn. Riktig nok finn det stad ei utvikling, men denne tar uendeleg lang tid. Evolusjonsteorien sementerte, ja endåtil forsterka førestellinga om at den afrikanske rasen var prinsipielt tilbakestående og underlegen den europeiske. Forskjellane rasar i mellom vart gje-

ven biologiske forklaringar; afrikanarane var av natur ulik europearane.

Vanlege stereotypiar av afrikanarar i det 18. og 19. hundreåret, og langt inn i det 20., i aviser, vitenskaplege rapportar, misjonsskjelder, reiseskildringar og litteratur var at afrikanaren er dyrisk både med tanke på åtfærd og utsjånad, spesielt blir han samanlikna med aper, han er vill, doven, promiskuøs, styrt av kjensler, manglar evne til rasjonell tenking, lat og barnleg.<sup>7</sup> I det store og heile er profilen i misjonsskjeldene lik den ein finn i kjeldene frå andre koloniale aktørar med unntak av at dei først nemnde er meir tilbakehaldne med å omtale eller samanlikne afrikanarane med dyr. Dette heng saman med at dei fleste misjonærar hadde sin bakgrunn i pietistiske miljø som las skapingsfortellinga i Første Mosebok bokstavleg. Alle menneske, også dei som tilhøyrer lågarestående sivilisasjonar er skapte i Guds bilete, og står prinsipielt i same forhold til Gud. Dette medfører også at misjonærane essensialiserer i mindre grad enn andre koloniale aktørar. Ulikskap i kulturelt nivå var noko som kunne utliknast eller overkommast gjennom evangelisering og sivilisering.<sup>8</sup>

I første halvdel av det 20. hundreåret var det fleire som problematiserte og kritiserte essensialistiske raseteoriar - utan at dette førte til at dei tidlegare nemnde stereotypiane opphøyrte å eksistere i eit breitt spekter av kjelder; spesielt i populærkulturen vart stereotypiane reproduserte.<sup>9</sup> Myklebust drøfter kort ulike synspunkt i debatten, samstundes som han sjølv tar stilling til spørsmålet. Han viser blant anna til teorien til den franske sosiologen Lévy-Bruhl, som hadde fått stor oppslutnad. Lévy-Bruhl hevdar at det er ein fundamental forskjell mellom mentaliteten til "primitive" og "siviliserte" folk. Dei først nemnde har ikkje evne til "abstraksjon, analyse og systematisering".<sup>10</sup> Mentaliteten deira er "pre-logisk" i motsetnad til den "logiske" mentaliteten som karakteriserer det europeiske kulturfolk. Myklebust seier seg samd i at dei "primitive" tenker konkret og at logikken spelar ei underordna rolle i mentaliteten deira. Men med støtte i andre forskarar hevdar han at dette ikkje skuldast naturlege føresetnadar, men ulikt miljø, eller ulik "sosial tradisjon". Med eit lånt uttrykk frå ein fransk forskar, som han ikkje nemnar namnet på, meiner Myklebust at det er meir sakssvarande å karakterisere afrikansk mentalitet som "para-logisk." Forskjellen mellom svart og kvitt sjeleliv er

ikkje av kvalitativ, men av kvantitativ art. Han sluttar seg til professor Radin som hevdar at "når det gjelder temperament og evne til logisk og symbolsk tenking er det ingen forskjell på kultur-mennesket og det primitive mennesket."<sup>11</sup> Både Radin og andre forskarar hevdar at det er utviklingsteorien som har gjeve opphav til motsette synspunkt.

Myklebust argumenterer for at samanliknande intelligenstestar av afrikanske og europeiske elevar i Kenya stadfestar det synet at det ikkje er nokon forskjell i intellektuell kapasitet mellom kvite og svarte. Tilsvarende testar av afroamerikanarar viser det same. Resultata av desse testane er "meget bemerkelsesverdige. De viser at den sorte mann kan måle seg med sin hvite bror når det gjelder intellektuelle evner og anlegg".<sup>12</sup> Myklebust trekk vidare fram døme på element i tradisjonell afrikansk kultur og åndsliv som reflekterer afrikanaranes intellektuelle og skapande evner: skulptur, afrikanske språk som er fullt på høgde med kva som helst kulturspråk med omsyn til grammatikk og ordtilfang, afrikansk diktning og afrikansk religion som representerer "et av verdens mektigste tankesystemer".<sup>13</sup> Afrikanaren blir vidare framstilt som ein "skarp psykolog" og som ein dyktig talar og debattant. Med omsyn til det siste skriv Myklebust at afrikanaren står "høyt over oss".

Myklebust reiser kort spørsmålet om afrikanaren har kapasitet til å tileigne seg og gjere bruk av dei europeiske kulturverdiene. Han viser til store høvdingar, og ikkje minst det forhold at den svarte rasen har fostra mange store menn innan ei rekke yrkesgrupper som prov på at så er tilfelle.

Hovudpoenget for Myklebust er å vise at forskjellen mellom det afrikanske "naturmennesket" og det europeiske "kulturmennesket" ikkje skuldast medfødde eigenskapar og anlegg, men er eit produkt av ulikt miljø. Forskjellane skuldast ikkje natur, men kultur. Han tar dermed eit oppgjær med essensialistiske raseteoriar og sosialdarwinismen. Han argumenterer ikkje teologisk for dette, men støttar seg på nyare vitskapleg litteratur og undersøkingar, og eigne observasjonar. Når Myklebust tar avstand frå essensialistiske raseteoriar, var dette på ingen måte nytt blant norske misjonærar i Sør-Afrika. Historikarar som har studert misjonærar i Zululand frå 1850 og framover hevdar at "i kontrast til mye av den tidens litteratur om Afrika, finnes det ikke spor av rasisme

i de norske misjonsrapportene.<sup>14</sup> Definisjonen av rasisme som her er implisert kan problematiserast, men poenget til desse forskarane er at tanken om Gud som skapar av alle menneske, og overtydinga om at afrikanarane har potensial for omvending og frelse på same måte som europearane, impliserer ein likskapstanke.<sup>15</sup> Overfor Gud er alle like, og alle har behov for, og ikkje minst potensial til å tileigne seg den kristne trua til frelse. Marianne Gullestad skriv at likskapstanken "gav arbeidet deres et distinkt kritisk preg innenfor de koloniale relasjoner. I tillegg var misjonærene til en viss grad mindre tilbøyelige til å essensialisere enn andre koloniale aktører, fordi ulikhet for dem var et stadium som de aktivt arbeidet for å overkomme. Deres rasetenkning var derfor ofte av en ikke-essensialistisk art".<sup>16</sup> Når Myklebust kritiserer raseteoriar som hevdar at forskjellane mellom afrikanarar og europearar skuldast natur, målbærer han holdningar og synspunkt som har følgt norsk misjon heilt frå starten av arbeidet i Zululand.

### **Svart mentalitet**

Etter at Myklebust ettertrykkeleg har teke avstand frå essensialistiske raseteoriar, understrekar han at det likevel er ein "stor forskjell på sort og hvit mentalitet". Det er som at han er engsteleg for at han skal bli klaga for rasisme når han seier dette. I alle høve finn han det nødvendig å gjenta at dette har å gjere med "forskjell i kulturmiljø, ikke medfødt underlegenhet hos afrikaneren i åndstrustning og evne til kulturskapende innsats".<sup>17</sup>

Det som først og fremt kjenneteiknar mentaliteten til afrikanarane er det som Myklebust omtaler som ein eksplosiv karakter. Med det meiner Myklebust at afrikanarane er styrt av kjensler på kostnad av logisk og kritisk tenking. "Negeren er i langt større grad enn vi beherska av sine følelser, dvs. av affekter og instinkt og impulsar. Det emosjonelle danner det avgjørende grunntrekk i hans psyke".<sup>18</sup> Det er dette kjenslemessige aspektet i afrikansk mentalitet Myklebust tar utgangspunkt i når han i det følgjande diskuterer kva som er karakteristisk for denne. Årsaka til det er at han meiner at det er nett den styrande rolla emosjonane har som utgjer den fundamentale forskjellen mellom svart og kvitt sjeleliv, for å bli verande i hans eigen terminologi. Her støtter han seg på, og siterer professor Raoul Allier, som blir karakterisert som "en av vår tids største autoriteter på rasepsykologiens område". Allier har

i følge Myklebust gjeve følgjande "glimrende" karakteristikkk av svart mentalitet: "Afrikaneren velger ikke mellom idéer. Han bare vakler mellom to måter å handle på. Og når han forkaster den ene og bestemmer seg for den andre, så skjer ikke dette på grunnlag av en forstandsmessig overveielse, men det er et resultat av indre tilskyndelser som på hemmelighetsfull måte går sammen og fremkaller denne handling".<sup>19</sup> At afrikanerens veremåte ikkje er styrt av fornuft, men av "indre tilskyndelser", det vil seie av emosjonar viser seg i følge Myklebust på fleire måtar.

Mellom anna kjem det til uttrykk i ei holdning til livet prega av latter, livsglede og sorgløyse. Afrikanarane lever i augneblinken og bekymrar seg ikkje for framtida. Dette har i følge Myklebust den konsekvensen at dei "lever høyt" så lenge dei har mat og drikke utan å spare med tanke på framtida. Resultatet blir at dei kanskje må gå fleire dagar utan mat. Myklebust skjønner godt ein Afrikamisjonær som i sjølvbiografien sin skriv at han aldri tok sjansen på å tale over teksten om ikkje å bekymre seg.

Kjenslene si dominerande stilling fører vidare til eit ustabil moment i svart sjeleliv. Denne ustabiliteten viser seg i mangel på uthaldenheit. Myklebust viser i denne samanhengen til at mange europeiske arbeidsgjevarar ofte klagar over at dei svarte ikkje viser initiativ og ansvarskjensle. "Negeren eier ikke den viljekraft og arbeidsdyktighet som særpreger de européiske folk".<sup>20</sup> Myklebust hevdar at klagane over afrikanske arbeidarar ofte er urettferdige og grunna på fordommar og rasehovmot. Sjølv påstår han at han berre har positive erfaringar med dei afrikanarane han har arbeidd saman med. Likevel held han fast på at det er noko "sant i dette at negeren mangler initiativ og utholdenhet". Trass hans påståtte gode erfaringar med afrikanske medarbeidarar, skin det gjennom at tilgangen på arbeidskraft og å få utført arbeid tidvis har vore problematisk for misjonen. Han siterer kva ein misjonærkollega sa om afrikanarane då ein stod utan arbeidskraft: "Har de mat så behøver de ikke arbeide. Og har de ikke mat, ja så kan de jo ikke arbeide!" Myklebust forklarar afrikanaranes innstilling til arbeid dels med at dei set få krav til livet og at desse er lette å tilfredsstille, dels med at arbeid i europeisk forstand er noe relativt nytt og dels med den sløvande effekten klimaet har hatt. Men han forklarar det også med "naturanlegg" og synest dermed å operere med ei viss essensialistisk oppfatning av rase og natur.



Dette er overraskende då han tidlegare har brukt forholdsvis mykje plass på å distansere seg frå slike teoriar.

Utstabiliteten i svart sjeleliv viser seg også i mangel på langsiktig planlegging og perspektiv. "Et arbeid som krever selvstendig tenkning og planleggelse på lang sikt synes ikke å ligge for afrikaneren".<sup>21</sup> Myklebust bruker dette som forklaring på det forhold at det nesten ikkje finst afrikanske kjøpmenn i Afrika, men nesten utelatande europeiske, arabiske og indiske. Ein faktor som forsterkar effekten av det emosjonelle trekket i afrikansk mentalitet med omsyn til sjølvstendig tenking og planlegging, er trua på lagnaden. Det som skjer, det skjer uansett kva mennesket måtte planlegge eller ikkje. Myklebust karakteriserer lagnaden som ein "ubestemmelig 'impuls' som bestemmer hele negerens liv". Overtydinga om at det er lagnaden som rår, fører til eit fatalistisk innslag i afrikansk mentalitet som har negativ effekt for sjølvstendig tenking og planlegging.

Den "ubestemmelige 'impuls'" kjem ofte til uttrykk i draumar. Gjennom draumane gjev den åndelege verda seg til kjenne, eller gjev signal om korleis ein skal handle i ulike situasjonar. Fordi draumane er eit instrument den guddommelege verda bruker for å gjere kjent sin vilje, får dei stor autoritet. Myklebust seier det er heilt korrekt når det har blitt hevda at afrikanaren "'tror mer på drømmer enn vi på Gud og bibel'" og det er "en religiøs forbrytelse" å ikkje gje akt på ein draum.<sup>22</sup> Den effekten draumane har på afrikanarans liv, medverkar til den ustabilitet og mangel på fornuftsmessig vurdering som pregar afrikansk mentalitet.

Det er ikkje berre i sovande tilstand at draumar gjer seg gjeldande. Også på dagtid har afrikanaren noko draumande over seg. Dette viser seg i at han har livleg fantasi, og at "sansen for proporsjoner er lite utviklet." Det medfører at han har problem med å skilje mellom fantasi og røyndom, noko som igjen fører til at holdninga han har til sanninga ikkje er "helt uklanderlig". "Man må ikke feste for stor lit til en negers vitneutsagn. Det er vanskelig for ham å være objektiv og nøktern". Myklebust konstruerer dermed ein samanheng mellom det å legge vekt på innhaldet i verkelege draumar og dagdraumeri, og dette fører til at ein har problem med å forhalde seg objektiv til røynda. Med dette indikerer Myklebust at på liknande måte som afrikanaren er styrt av eit irrasjonelt aspekt, ein "ubestemmeleg" impuls gjennom verke-

lege draumar, er det eit irrasjonelt eller fantasifullt element i hans oppfatning av livet og det som skjer. Dette inngår i det som Myklebust tidlegare har omtalt som den "eksplosive" karakteren i svart sjeleliv, ei tenking styrt av kjensler og liten kritisk refleksjon og logikk.

Ein annan måte det emosjonelle aspektet viser seg på er gjennom humoren. Afrikanaren har ein vel utvikla humoristisk sans, og elsker morosame historier og gåter. Humoren er ikkje berre eit påfallande aspekt ved svart mentalitet, men har for afrikanarane vore ein naudsynt ressurs i møte med urett og liding opp gjennom historia. I følgje Myklebust er humoren "negerens force par excellence", og det er takka vere denne at afrikanarane har "bevart sin sjel," utan at han går vidare inn på kva det tyder.

For Myklebust er det ein samanheng mellom eit rikt utvikla kjensleliv og estetiske interesser og evner. Dette gjeld i høg grad for afrikanaren. Afrikanarane er dyktige i kunst og handverk, dei er fødte skodespelarar og ikkje minst har dei store musikalske evner og anlegg. Afrikanske komposisjonar "åpenbarar en sans for rytme og harmoni, en musikalsk skaldekunst så ekte og overbevisende at vi bare kan bøye oss for den i beundring".<sup>23</sup> Eit uttrykk for afrikanaranes særprega musikalske evner "er også den hurtighet og fullstendighet med hvilken de har tilegnet seg den europeiske musikk". Og afrikanske forfattarar har allreie produsert litteratur innanfor eit breitt spekter av sjangrar på eit høgt nivå.

I kolonial diskurs inkludert i misjonsdiskursen, var det vanleg å karakterisere afrikanarane som barn.<sup>24</sup> Myklebust reflekterer dette når han seier at "vi kaller ofte de sorte for 'store barn.'" Sjølv argumenterer han for at det er noko rett i dette då ein hos afrikanaren finn trekk som er karakteristiske for barn: "en umiddelbar livsglede, et rikt kjensleliv og en frodig fantasi". Dette er sider ved afrikansk mentalitet som alt er diskuterte. Ein skal merke seg at alle desse karakteristika var assosierte med mangel på fornuftig og logisk tenking. Livsgleda har å gjere med ei manglande evne til å planlegge for framtida eller manglande evne til å sjå konsekvensen av det ein gjer, til dømes når det gjeld forbruk av mat. Det rike kjenslelivet er eit uttrykk for det eksplosive i svart mentalitet som blir framstilt som motstykke til europeisk mentalitet strukturert kring fornuft, logikk og kritisk tenking. Det same gjeld for

hans livlege fantasi. I tillegg peiker Myklebust på afrikanarens "glimrande minne" og at han er nyfiken. Til sist hevdar han at dei "fantastiske" namna foreldre kan gje barna sine; til dømes Napoleon. Melkisedek, Christian V og Logikk Etik, er eit uttrykk for barnleg naivitet.

Den umiddelbare livsgleda, latteren og den bekymringslause holdninga til livet som pregar afrikanaren, og som altså har å gjere med det sterke emosjonelle innslaget i hans natur, kan få ein til å tru at afrikanarane er det lukkelegaste folket i verda. Men ein slik konklusjon er basert på ein overflatisk kjennskap, hevdar Myklebust. Under den glade og bekymringslause overflata, er det frykt og smerte som rår. "Et dypere kjennskap avslører imidlertid en smerte og tragikk som overvelder".<sup>25</sup> I artikkelen "Neger-psyke" er Myklebust knapp om kva denne smerta består i, men i ein anna artikkel med den talande tittelen "Fra frykt til fred. Afrikansk religion – afrikansk kristendom" diskuterer han dette meir inngående.<sup>26</sup>

På den eine sida uttrykker Myklebust beundring for afrikansk religiøsitet. Afrikanarane har sterk ærefrykt for det heilage, "livsnerven i all ekte religion", og ingen har forstått betre enn dei kor avhengige ein er av høgre makter. "Og neppe noen har følt dypere avstanden mellom dem og seg selv – og forpliktelsene som følger med forholdet til den oververdslige virkelighet".<sup>27</sup> Han kjenner ingen betre døme på sanninga av Schleirmachers definisjon av religion som "en følelse av absolutt avhengighet" enn animismen i Afrika. Det same gjeld for Rudolf Ottos "Das Heilige" som religionens grunnfaktor - "mysterium tremendum et fascinosum". Religionens sentrale plass i afrikanaranes liv var noko misjonæren Myklebust kunne beundre og identifisere seg med. Han understrekar at afrikansk religion er knytt til slekta, stammen og folket, og synd er det som skader stammens interesse. Denne gruppe-solidariteten har fostra gode karaktertrekk som til dømes vilje til å hjelpe.

På den andre sida, religionen har også negative konsekvensar for moral og for det einskilde individet. Den nett nemnde gruppesolidariteten har fostra karaktertrekk som for kristne europearar framstår som rein umoral, til dømes hangen til å lyge. "Negeren er en uforbederlig løgner, sier europeeren. Han lyver frekt. Og han lyver ofte. Slik er det også".<sup>28</sup> Men det som først og fremst

karakteriserer afrikansk religion er frykta. Dette blir kraftig understreka av Myklebust. "Den avgjørende faktor i afrikansk religion og moral er dog *frykten*. Negerens liv er liv i evig angst ... Negeren lever i konstant frykt for magiske makter ... Negerens liv er et eneste mareritt av angst og gru ... negeren kan ikke sies å leve et lykkelig liv. Han er en fange i fryktens fengsel."<sup>29</sup>

Grunnen til denne frykta er at afrikanaren alltid er på vakt mot fiendar; vonde makter, forfedre, hekser, misunnelege menneske, sjukdom og død. Heksene er vonde menneske som står i kontakt med vonde åndsmakter, og som kan kaste sjukdom og ulukke over einskildpersonar, stammen, kveget osv. I første omgang blir alle negative hendingar, uhell og ulukker relatert til hekseri. Alt som skjer, blir med andre ord gjeve ei religiøs forklaring. Også forfedrane sin vreide kan vere opphav til uhell og ulukker. For å identifisere kva som er på ferde, blir den såkalla luktedoktoren kalla på. Ho kan til dømes avgjere om sjukdom og død har ei naturleg forklaring, om det skuldast trolldom, om det var vreiden til forfedrane som var grunnen eller kven tjuven er dersom noko er stole. Ein viktig funksjon til luktedoktoren er å identifisere hekser som har stått bak ulukker som har ramme einskildpersonar, familiar og heile samfunn. Desse blir dømt til døden. Myklebust noterer at "tusener av uskyldige mennesker er på denne måten blitt dømt til en grufull død," og legg til: "Hvor europeisk rettspleie er blitt innført, er disse 'utlukningene' selvsagt blitt forbudt".<sup>30</sup> For å få hjelp til å verne seg mot negative hendingar og hjelp i kriser, går afrikanaren til trollmannen. Afrikanarane har i følgje Myklebust ei klippefast tro på at trollmannens ulike magiske midlar kan hjelpe.

Hovudpoenget for Myklebust er dels å forklare korleis religionen gjev opphavet til frykt, og dels å poengtere at frykta er det dominerande elementet i afrikansk religion. Sjølv om afrikanaren på overflata kan verke glad og ubekymra, er han eigentleg fanga i "fryktens fengsel". Bilete Myklebust konstruerer av afrikanarens livssituasjon er alt anna en attraktiv, og dette bilete fungerer som eit indirekte imperativ til å gripe inn for å frigjere afrikanaren frå frykta. Løysinga blir å forkynne evangeliet. "Det gis bare én redning - evangeliet".

Myklebust reiser spørsmålet om kristne har lov til å "påtvinge" afrikanarane trua si. Han diskuterer ikkje prinsipielle sider ved

dette spørsmålet, men understrekar på nytt den miserable situasjonen afrikanarane er fanga i. Dette fungerer i seg sjølv som argument for legitimiteten av kristen misjon; for gjennom forkynninga av evangeliet blir afrikanaren sett fri. "Gjennom omvendelsen flyttes afrikaneren over i en helt annen verden. Den betyr for ham et radikalt brudd, en overgang fra frykt til fred, fra fengsel til frihet."<sup>31</sup> Her skal vi ikkje diskutere det interessante spørsmålet om i kor stor grad dette reflekterer afrikanaranes eiga erfaring, men nøye oss med å slå fast at Myklebust argumenterer for at den kristne religionen er redninga for afrikanarane. Med andre ord, afrikanarane lever eit dystert liv, eit liv i frykt og mørke. Afrikanarane treng hjelp frå nokon utanfor dei sjølve for å kunne leve eit godt liv. Myklebust og andre misjonærar blir dermed indirekte framstil som instrument for å hjelpe afrikanarane ut av eit dystert tilvere.

### **Oppsummering og vurdering av Myklebusts bilete av afrikanarane**

Skal vi kort oppsummere dei viktigaste trekka ved Myklebusts representasjon av afrikanarane, kan vi gjere det på følgjande måte: I motsetnad til europeisk tenking, som er karakterisert av fornuft og logikk, er svart mentalitet styrt av kjensler, av ein eksplosiv impuls. Dette fører til at afrikanarane er ustabile, evna til sjølvstendig tenking er svak, dei lever i augneblinken og viser lita evne til å planlegge på lang sikt, og dei har mindre initiativ og uthaldenheit til å arbeide. Afrikanarane har problem med å skilje mellom fantasi og røyndom, dei har liten evne til å sjå ei sak på ein objektiv måte, dei lyg ofte og mykje. Dei er som barn. Afrikanarane har velutvikla humoristisk sans og rike estetiske evner, spesielt for musikk, men også for litteratur. Dette har å gjere med det dominerande emosjonelle aspektet i svart mentalitet. Det som fram for alt karakteriserer afrikanarane, trass deira velutvikla humor og tilsynelatande ubekymra livsholdning, er frykt og angst for vonde makter, hekser, forfedre, magi etc. Dei lever eit liv i konstant frykt og angst.

Myklebust intenderer å teikne eit nyansert og velvillig innstilt bilete av afrikanarane. Han balanserer negative karakteristikkar og eigenskapar med også å trekke fram positive trekk ved afrikansk mentalitet. Vidare er det viktig for Myklebust å få tydeleg fram at han tar avstand frå essensialistiske raseteoriar. Forskjellar i menta-

litet, karakter og evner skuldast kultur, og ikkje natur. Men samstundes opererer Myklebust innanfor ein kolonial diskurs der han delvis vidareformidlar og delvis stadfestar stereotype representasjonar av dei andre; fremst førestellingane om at afrikanarane er styrte av kjensler med lita evne til logisk og rasjonell tenking, at dei har lita evne til å planlegge med tanke på framtida og at dei er som barn. Desse og dei tidlegare nemnde stereotypiane inngjekk i ein kolonial ideologi som legitimerte og heldt ved like asymmetriske maktrelasjonar mellom afrikanarane og dei kvite europearane. Stereotypiane legitimerte tanken om at afrikanarane var mentalt, sosialt og kulturelt underlegne europearane. Europearane hadde derfor dels rett og dels plikt til å underlegge seg Afrika og bringe den europeiske, kristne sivilisasjonen til dette kontinentet. Kort uttrykt fungerte stereotypiane som legitimering av det koloniale prosjektet og dei maktrelasjonane som der vart etablerte.<sup>32</sup>

Her er ikkje plassen for å diskutere forholdet mellom misjon og kolonisering og forholdet mellom misjonærar og kolonistyre-smaktene. Det som er interessant å notere i denne samanhengen er at Myklebusts representasjon av afrikanarane reflekterer og reproduserer etablerte stereotypiar som var med å etablere og halde ved like koloniale strukturar. Ta til dømes karakteristikken av afrikanarane som barn. Dette var ein mykje brukt karakteristikk av afrikanarane både i sekulære koloniale kjelder og i misjonskjelder.<sup>33</sup> Bilete av afrikanarane som barn impliserer ulike konnotasjonar. Gustav Jahoda oppsummerer slik:

On scanning a wide range of references to savages which employ the child image from the early 19th century onwards, it becomes clear that the predominant conceptions expressed or implied were those of immaturity, lack of responsibility and inability to properly order one's own affairs. The underlying message is that savages, like children, cannot be trusted to behave sensibly. Therefore, just as children require the guidance of their parents, so savages need that of civilized Europeans ... If Europeans stood, as it were, in *loco parentis*, this also implied certain obligations on their part in helping the `children` to grow up by seeking to stamp out undesirable (from the European cultural perspective) beliefs and practices and to introduce more wholesome ones.

Myklebust uttrykkjer ikkje direkte, slik som ein kan finne i andre misjonskjelder, at dei svarte "have to be very dependent on their missionary".<sup>35</sup> Summen av dei bilete eller karakteristika han bruker for å representere afrikansk mentalitet impliserer likevel at afrikanarane har behov for rettleiing og hjelp frå Europa for å kunne utvikle seg i ønska retning. På tilsvarande måte som det er foreldra sitt ansvar å rettleie barn styrte av impulsar og kjensler og med dårleg utvikla evne til rasjonell tenking og langsiktig planlegging, er det europearane si oppgåve å oppdra og rettleie afrikanarane til å bli meir like dei sjølv.<sup>36</sup>

Trass i at Myklebust intenderer å gje ei nyansert og etter måten positiv framstilling av afrikanarane, vidareformidlar og reproduserer han etablerte koloniale stereotypiar. Dermed bidrar han også til å reetablere og sementere stereotypiar som i sin tur fungerte som legitimering av tanken om Vestens politiske og kulturelle herredømme over Afrika. Trass hans intensjonar om ei nyansert og venleg innstilt framstilling, var han sjølv, hans eige liv og kulturelle miljø veve så tett saman i koloniale strukturar og ideologi at det var tradisjonelle stereotypiar som fekk den dominerande plassen i hans representasjon av afrikanarane.

Til slutt kan ein kort reflektere over kva implikasjonar Myklebusts bilete av afrikanarane og "svart mentalitet" hadde med tanke på to av dei største utfordringane NMS-misjonærane i Sør-Afrika stod ovanfor. For det første; spørsmålet som sjølvstendigjering av Den norske Zulusynoden. Som notert innleiingsvis i denne artikkelen var misjonærane på 1930-talet tilbakehaldne med å gje sjølvstende og innflytelse til zuluane. Misjonærane arbeid og strategi i arbeidet for ei sjølvstendig kyrkje for zuluane hadde sitt utgangspunkt i teorien om dei tre sjølv, nemleg at misjonsarbeidet skulle ha som mål å etablere ei sjølvstyrt, sjølvfinansierande og misjonerande zulukyrkje. Prinsippet om dei tre sjølv spelte ei grunnleggande rolle i NMS sin misjonsstrategi, som det også gjorde i mange andre misjonsselskap, på denne tida.<sup>37</sup> Hovudargumentet til misjonærane mot å etablere ei sjølvstendig zulukyrkja var at zuluane ikkje var i stand til å bere det økonomiske ansvaret for ei slik kyrkje.<sup>38</sup> Sjølv om dette var den offisielle grunngjevinga frå misjonærane si side, kan ein likevel stille spørsmål om i kor stor grad misjonærane nøling i dette spørsmålet hadde som premiss den type stereotypiar Myklebust gjorde

seg til talsmann for. Det er vel nærliggande å tru at førestellinga om at afrikanarane har liten evne til rasjonell og logisk tenking, at dei ikkje kan planlegge på lang sikt, at dei er styrte av kjensler og oppfører seg på fleire vis som barn, fungerte som bremsar i sjølvstendigjeringprosessen. For det andre; utfordringa frå den stadig veksande segregeringspolitikken. Ein kan stille same type spørsmål her. I kor stor grad fungerte den type stereotypiar ein finn hos Myklebust som (umedvete) premiss for kor nølande, og til dels passivt norske misjonærar forholdt seg først til rasepolitikken på 1930-talet, og seinare til apartheidregimet på 1940-og 50 talet?<sup>39</sup>

## Noter

- <sup>1</sup> Jamfør Hanna Mellemsether, *Misjonærer, settlersamfunn og afrikansk opposisjon: Striden om selvstendigjøring i den norske Zulukirken, Sør-Afrika ca. 1920-1930* (doktoravhandling), Historisk institutt, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim 2001.
- <sup>2</sup> O.G. Myklebust, "Neger-psyke. Streiflys over sort sjeloliv," *Kirke og Kultur* 48 (1941) 238-354.
- <sup>3</sup> J. N. Pieterse, *White on Black. Images of Africa and Blacks in Western Popular Culture*, New Haven: Yale University Press, 1992, 229-235.
- <sup>4</sup> Sjø til dømes N. Stepan, *The Idea of Race in Science: Great Britain 1800-1960*, London: Macmillan, 1982, 1-110; J. N. Pieterse, *White*, 45-51; G. Jahoda, *Images of Savages. Ancient Roots of Modern Prejudice in Western Culture*, London: Routledge, 1999, 63-86, J. Samson, *Race and Empire*, Pearson Longman, 2005, 68-72.
- <sup>5</sup> J.N. Pieterse, *White* 41.
- <sup>6</sup> *Ibid.*, 45.
- <sup>7</sup> T. Jørgensen, "Norske misjonærer, samtid og forståelse i det 19. hundreåret" *Norsk Tidsskrift for Misjon* 39 (1985) 75-85; G. Jahoda, *Images* 51-242, J.N. Pieterse, *White*.
- <sup>8</sup> T. Jørgensen, "Norske misjonærer" 81; M. Gullestad, *Misjonsbilder. Bidrag til norsk selvføståelse. Om bruk av foto og film i tverrkulturell kommunikasjon*, Oslo: Universitetsforlaget 2007, 28.
- <sup>9</sup> Til kritikk av essensialistiske raseteoriar, sjå til dømes J. Huxley, A.C. Haddon and A.M. Carr-Saunders, *We Europeans: A survey of 'Racial' Problems*, Middlesex: Harmondsworth 1935; J. Barzun, *Race: A Study in Superstition*, New York: Harper & Row, 1965, første utgåve 1937, og det den historiske oversikten hos R. Miles, "Racism as a Concept," in *Racism* (ed. M. Bulmer and J. Solomons) Oxford: Oxford University Press, 1999, 344-355.
- <sup>10</sup> O.G. Myklebust, "Neger-psyke" 338.
- <sup>11</sup> *Ibid.*, 339.



- <sup>12</sup> Ibid., 340.
- <sup>13</sup> Myklebust siterer her den svenske religionshistorikaren Tor Andræ.
- <sup>14</sup> M. Gullestad, *Misjonbilder*, 28. T. Jørgensen (1985) understrekar dette synspunktet: "Misjonærene var ikke rasister. Tvert imot markerte de en klar anti-rasistisk overbevisning som en motkultur til en svært så rasistisk samtid" (85).
- <sup>15</sup> I ein artikkel som er under skrivning forsøker eg å problematisere den eintydige konklusjonen om at norsk misjon ikkje har spor av rasisme. Når ein skal drøfte dette spørsmålet, er det avgjerande at ein er medviten om at begrepet rasisme kan definerast på ulike måtar, og at konklusjonen på drøftinga blir avhengig av kva definisjon ein tar utgangspunkt i.
- <sup>16</sup> M. Gullestad, *Misjonbilder*, 28.
- <sup>17</sup> O.G. Myklebust, "Neger-psyke," 342.
- <sup>18</sup> Ibid., 345.
- <sup>19</sup> Ibid., 344.
- <sup>20</sup> Ibid., 346.
- <sup>21</sup> Ibid., 347.
- <sup>22</sup> Ibid., 347.
- <sup>23</sup> Ibid., 349.
- <sup>24</sup> Jamfør, G. Jahoda, *Images* 129-193; M. Gullestad, *Misjonbilder* 29-30.
- <sup>25</sup> O.G. Myklebust, "Neger-psyke," 345.
- <sup>26</sup> O.G. Myklebust, "Frå frykt til fred. Afrikansk religion – afrikansk kristendom." *Kirke og Kultur* 84 (1941) 413- 428.
- <sup>27</sup> Ibid., 428.
- <sup>28</sup> Ibid., 420.
- <sup>29</sup> Ibid., 421-423.
- <sup>30</sup> Ibid., 421.
- <sup>31</sup> Ibid., 423.
- <sup>32</sup> Jamfør til dømes L.L. Snyder, "The Idea of Racism: Its meaning and History" i *Racism. Essential Readings* (eds. E. Cashmore and J. Jennings), London: Sage Publications, 2001, 91-97.
- <sup>33</sup> For diskusjon av bakgrunn, framvekst og bruk av forestellinga om at afrikanarane er som barn, sjå G. Jahoda, *Images* 131-193.
- <sup>34</sup> Ibid., 143.
- <sup>35</sup> Ibid., 145.
- <sup>36</sup> M. Gullestad, *Misjonbilder* skriv at for misjonærene "fremtrer 'tradisjon' ofte som barnslig i forhold til en bestemt forståelse av 'modernitet'. Og barn oppfattes både som naturlige og uskyldige, med en spesiell rolle i den religiøse omvendelsens før-og-etter-fortelling. For eksempel kan voksne sees som barn som vokser ut av hedenskapen, takket være misjonærenes innsats. Afrikanere har blitt representert som barn og misjonærene som deres foreldre. Disse metaforene antyder noe av innholdet i de sosiale relasjonene" (30).
- <sup>37</sup> H. Mellomsether, *Misjonærer* 119-120; 311-313.
- <sup>38</sup> Ibid., 313.
- <sup>39</sup> Sjå H. Mellomsether, *Misjonærer*, B. H. Agøy, *Den tvetydige protesten. Norsk misjonærer, kirker og apartheid i Sør-afrika*, 1948-ca.1970, Hovedfagoppgave i historie, Historisk institutt, UiO 1987.

*Odd Magne Bakke*, f. 1962. Utdanning: Cand. theol. Misjonshøgskolen 1989, Dr. theol. Univ. i Oslo, 1998. Yrkesbakgrunn: Professor i kirke-og misjonshistorie, Misjonshøgskolen, Stavanger

**”Negro-Psyche”: South Africa Missionary  
Olav Guttorm Myklebust’s view of Africans**

Olav Guttorm Myklebust served as a missionary for The Norwegian Missionary Society in South Africa in 1931-1939. This article discusses his representation of Africans. Although he intends to give a sympathetic and balanced picture of them, he mainly reproduces and confirms common colonial stereotypes. The primary feature of the mentality of the Africans is the dominant role of emotions at the cost of rational and logical thinking. The consequence of this is that the Africans are unstable, their ability of independent thinking and their ability to make plans for the future are weak, and they have less initiative and less endurance for work. They have problems to distinguish between fantasy and reality, they have weak ability to approach a case or situation in an objective way, they lie much and often. They are like children. Because of the belief in the activities of the ancestors and the belief in witchcraft the most dominant experience of life of the Africans is the feeling of fear. These, and other colonial stereotypes, legitimized the western colonization of the Africa and further functioned to maintain western superiority.